

Arkivkode: 333

Styresak: *86*

Sak nr.: 09/3975

Møte: 24.09.09

Bachelortittel, sensorordning og andre endringar i grads- og studiereglementet

Bakgrunn - bachelortittel

Etter grads- og studiereglementet har Universitetet i Bergen fem ulike nemningar på bachelortittelen:

- Bachelor i kultur- og samfunnsvitskap
- Bachelor i naturvitenskaplege fag
- Bachelor i musikk
- Bachelor i tannpleie
- Bachelor i human ernæring

Dei tre sistnemnde er programspesifikke, og graden har same namn som studieprogrammet studentane vert tekne opp til.

Bachelornemninga i kultur- og samfunnsvitskap er sams for svært mange studentar som tek ein grad ved Det humanistiske fakultet, Det samfunnsvitenskaplege fakultet eller Det psykologiske fakultet. Bachelor i naturvitenskaplege fag er sams for studentar som tek ein grad ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet.

Då gradene og titlane bachelor og master var nye, var nemningane for mastertittelen utforma etter same mønster. Dette vart endra i 2006 til programspesifikke mastertitlar, som "Master i sosiologi".

Etter initiativ frå studentane, drøfta Utdanningsutvalet i februar 2009 å gå over til programspesifikke nemningar også for bachelortittelen. Etter dette vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe som vart beden om å drøfte sakar og komme med framlegg. I innstillinga frå arbeidsgruppa, som låg føre 29.04.09, var det gjort ei brei drøfting. Fleirtalet i arbeidsgruppa gjekk inn for ei ordning med i stor grad fakultetsspesifikke nemningar, supplert av programnamnet. Dette ville gjelde for humanistiske, naturvitenskaplege og samfunnsvitenskaplege program, til dømes: "*Bachelor i humanistiske fag – Historie*"

For ein del andre program foreslo gruppa programspesifikke nemningar. Mindretalet i gruppa ønskte i hovudsak programspesifikke nemningar over det heile. Arbeidsgruppa drøfta og tverrfakultære og disiplinbaserte program, men i denne samanhengen vart sakar avgrensa til hovudlinene: Programspesifikke nemningar eller ny ordning, eventuelt fleire likestilte ordningar.

Arbeidsgruppa poengterer nokre viktige omsyn bak dagens regel, ikkje minst at dei nemningane som no har, gir uttrykk for ei akademisk breidd, noko ei program-

spesifikk nemning vanskelegare kan gjere. Eit mykje brukt argument mot dagens ordning er at den seier lite om kva for fagkunnskapar og ferdigheiter studenten har etter fullført studium. Frå begge sider har omsynet til identitet vore sentralt, og for studentane har dette vore avgjerande. Dagens breie nemningar vert oppfatta som ikkje å bidra til fagleg identitet, men tvert imot til å tilslører identiteten.

Saka har vore på høring, og alle fakulteta har uttalt seg. Studentparlamentet har ikkje gitt særskilt høringsuttale, men har vist til studentrepresentantane i arbeidsgruppa.

Dei mest omfattande høringsutsegnene kjem frå Det humanistiske, Det samfunnsvitskaplege og Det psykologiske fakultet. Alle desse går inn for mindretalsframlegget, programspesifikke nemningar. HF- og SV-fakulteta nemner særskilt at ordninga bør vere sams for heile universitetet.

Høringsuttale frå Det matematisk-naturvitskaplege fakultet står fleirtalsframlegget, og dermed dagens ordning, for faga ved fakultetet er nemninga "Bachelor i naturvitskaplege fag" med tilleggstekst om kva for spesialisering studenten har teke.

Fleire tek også opp spørsmål om innhaldet i studia, og om i kva grad og på kva vilkår ein bør ha program med fleire obligatoriske fageiningar enn dei 90 studiepoenga som er spesialisering. Også organiseringa av og innhaldet i tverfakultære program vert tekne opp. Dette vert kort omtala seinare.

Utdanningsutvalet hadde saka oppe på ny i møte 26.08., gjorde vedtak om at:

"Universitetet i Bergen for framtiden vil benytte seg av programspesifikke eller fakultetsspesifikke (med eventuell tilleggsbetegnelse) bachelortitler for sine laveregradsstudier".

Punkta om fakultetsspesifikk nemning og om tilleggsnemning kom inn etter drøftingar i utvalets møte og er særleg meint å komme Det matematisk-naturvitskaplege fakultet i møte.

Merknader frå universitetsdirektøren – bachelornemningar

Drøftinga om bachelorstitlar starta på initiativ frå Studentparlamentet og studentutvala ved fleire fakultet. Utgangspunktet var eit ønske om å gå over til programspesifikke nemningar. Etter ein omfattande prosess med utgreiing frå ei arbeidsgruppe, høring ved fakulteta og handsaming i Utdanningsutvalet, er konklusjonen i all hovudsak eit råd om å gå vekk frå dei nogjeldande nemningane og over til programspesifikke nemningar, medan MN-fakultetet ønskjer å halde på "bachelor i naturvitenskap". Framlegget til vedtak er i tråd med dette.

I denne samanhengen er det sjølve gradsnevninga slik ho går fram av vitnemålet som er i fokus. Ei rekkje underliggende spørsmål som og er viktige å drøfte, vert ikkje nærmare drøfta her. Det gjeld til dømes spørsmål om korleis bachelorprogram bør strukturera og om kva for namn dei skal ha, og om samverket mellom fagmiljø og fakultet når det gjeld program som går utover einskilddisiplinar eller einskildfakultet. I dag har grads- og studiereglementet få reglar om dette. Slike vurderingar er å forstå som fagpolitiske spørsmål, som ligg utanfor reglementet.

Utdanningsutvalet har rådd til programspesifikke eller fakultære nemningar som to sideordna løysingar. Universitetsdirektøren gjer framlegg i tråd med utvalets vedtak, som i praksis betyr bachelornemningar som i desse døma:

- Bachelor i administrasjon og organisasjonsvitenskap (programspesifikk, ny)
- Bachelor i human ernæring (også programspesifikk, uendra)
- Bachelor i naturvitenskaplege fag [+ spesialisering] (fakultetsspesifikk, uendra)

For alle desse vil ein foreslå at det blir gitt høve til å bruke tilleggstekst på vitnemålet, og at universitetsdirektøren kan lage retningslinjer for slik tilleggstekst, slik at mønsteret vert likt og gjenkjenneleg på tvers av program og fakultet.

Så langt er iverksetjingstid og overgangsordninga ikkje omtalt. Arbeidsgruppa har uttalt at alle studentar som er i gong med studiet sitt, bør få tilbod om ny nemning, og at i ein periode bør både den gamle og den nye nemninga brukast parallelt. Universitetsdirektørens framlegg er slik:

- Endringa tek til å virke frå 1.1.2010. Alle som vert tekne opp frå den datoen får vitnemål med dei nye nemningane.
- Alle som no er i gang med bachelorstudium på program der det blir endringar, får høve til å velje om dei vil ha vitnemål med den nye eller den gamle nemninga. Dei må aktivt velje den nye nemninga om dei ønskjer det, og valet står opent fram til utgangen av studieåret 2011/2012. Dermed vil også deltidsstudentar få valet, jamvel om dei ikkje vil avslutte studiet innan fristen som er nemnt.

Bakgrunn – sensorordning

Saka gjeld munnleg eksamen og bruk av ekstern sensor. Etter lova skal institusjonane ”sørge for at kandidatenes kunnskaper og ferdigheter blir prøvet og vurdert på en upartisk og faglig betryggende måte”, jf. § 3-9 (1), første setning. Det er ikkje lenger generelt påbod om ekstern sensur, anna enn ved sensur av mastergradsoppgåver og ved klagesensur. Kunnskapsdepartementet tok etter styringsdialogmøtet i 2008 opp spørsmålet om den gjeldande sensorordninga ved UiB var god nok i høve til det alminnelege kravet i lova og konkluderte positivt på ei rekke punkt. Departementet peika likevel på at det ut frå dei reglane og retningslinene som låg føre den gongen, ikkje var mogleg å sjå at UiB alltid bruker programsensor ”for de fag og emner der det ikke er ekstern sensor.” Vurderinga frå departementet var at dersom ein ikkje hadde anten programsensor eller ekstern sensur, ville ordninga vere lovstridig.

Etter dette har det vore arbeidd med ei meir inngåande og presis regulering av munnleg eksamen og av retningslinene for ekstern sensur i det heile. Framlegget om reglementsendring seier kort at det alltid skal vere to sensorar ved munnleg eksamen, og normalt skal ein vere ekstern, men at det er høve til å gjere unntak. Dersom det skal gjerast unntak, må vurderingsordninga godkjennast særskilt av fakultetet, bygd på programsensoren si evaluering.

Det er gjort framlegg om nye retningsliner for programsensorar, der det mellom anna blir fastsett ei plikt til å ha programsensor, retningslinjer for korleis programsensoren

skal arbeide og korleis programsensorens vurderingar skal nyttast av fakultetet og andre instansar ved UiB.

Merknader frå universitetsdirektøren – sensorordning

Framlegg til endring i §19 har to intensjonar. For det første er ønsket å fastslå ein reell hovudregel: Ekstern sensur ved munnleg eksamen. For det andre er ønsket å få fram at før fakultetet vedtek unntak, skal det vere ein grundig prosess, der programsensorane si evaluering skal brukast og leggjast vekt på. For det tredje ønsker ein å gjere det heilt klart at sensurordninga er fakultetet sitt ansvar. Såleis kan ikkje programsensoren få noka form for godkjenningsmynde. Ein programsensor arbeider for fakultetet og gir råd til fakultetet, og fakultetet har ansvaret.

Etter universitetsdirektørens syn kjem framlegg Kunnskapsdepartementet i møte. Reglementet og framlegg til retningslinjer for programsensorar synest godt tilpassa kvarandre, og det vert foreslått eit vedtak i tråd med det Utdanningsutvalet har gjort.

Andre endringar

Dette er delt i tre: Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, definisjon av gyldig fråvær ved eksamen og nokre endringar i reglane om tilrettelegging ved eksamen.

Kvalifikasjonsrammeverket

Å fastsette eit kvalifikasjonsrammeverk er ein del av Bologna-prosessen, og for Norge vart rammeverket fastsett av Kunnskapsdepartementet i mars i år. Så langt gjeld det for høgre utdanning, og kvalifikasjonane det beskriv, er dei same som gradene som institusjonane kan gi. Rammeverket seier kva for kunnskap, ferdighet og generell kompetanse ein kandidat skal ha for dei ulike syklusane. Termen "kandidat" er ei fellesnemning for alle som har fullført ein grad. Eit døme frå beskrivinga av kunnskapar:

Bachelor (1. syklus):

"Kandidaten har bred kunnskap om sentrale temaer, teorier (...) innenfor fagområdet."

Master (2. syklus):

"Kandidaten har avansert kunnskap innenfor fagområdet og spesialisert innsikt i et avgrenset område"

Ph.d. (3. syklus):

"Kandidaten er i kunnskapsfronten innenfor sitt fagområde og behersker fagets vitenskapsteori og/eller kunstneriske problemstillinger og metoder"

Det har lenge vore kjent at rammeverket først og fremst vil stille krav til studieplanutforminga. Universitetsdirektøren har gitt Utdanningsavdelinga i oppgåve å gje bidrag til fakulteta i det arbeidet som skal gjerast. Departementet har sett fristen for å implementere rammeverket til utgangen av 2012.

Det vert her foreslått eit mindre tillegg i § 8 i reglementet, som set krav til innhaldet i studieplanar og emneplanar. Dette vert vurdert som tilstrekkeleg i reglementet no. Ved den vanlege gjennomgangen av reglementet i 2010 vil ein komme tilbake til eventuelle endringar i termar og definisjonar i § 2. Jamvel om KDs frist for å komme i samsvar med rammeverket er om drøye tre år, ser universitetsdirektøren ikkje noko problem med at tilføyninga i reglementet kan ta til å virke allereie no.

Gyldig fråvær

Fleire fakultet har peika på at denne termen i reglementet ikkje er nærmere definert eller beskrive. Det er semje om at eigen sjukdom, dokumentert ved legeerklæring, er den viktigaste og mest nærliggjande grunnen. Andre tilhøve kan vere barns sjukdom eller andre tilhøve som gjer at ein har plikt til å vere ein annan stad enn i eksamenslokalet. Studentparlamentet viste i sin høringsuttale i vår til vitneplikt og verneplikt. Vidare er det eit spørsmål om krava til dokumentasjon: Kva vert godteke, og når må den liggje føre. Endeleg har det vore reist spørsmål om tolkinga av "eksamen"; om dette berre gjeld avsluttande skuleeksamen eller om det og kan vere heimeeksamen, mappearbeid eller anna.

Det vert no foreslått å reglementsfeste eigen sjukdom, og setje krav om legeattest som må liggje føre innan ei veke etter eksamensdagen. Vidare at obligatorisk frammøte annan stad som er lovleg pålagd av offentleg myndighet er gyldig grunn, og ein "sekkeregel" til slutt om at andre tilhøve etter omstenda kan godtakast. Røynslene ein etterkvart gjer med ein slik regel vil vere avgjerande for om den i framtida må byggjast ut meir.

Når det gjeld kva som i høve til fråværsregelen er "eksamen", skal det peikas på at regelen er førebudd og skrive med tanke på avsluttande skuleeksamen. Dette gjeld først og fremst munnleg og skriftleg eksamen, men kan og vere slik som konsert eller presentasjon. For sjukdom og liknande ved innleveringsfristen for heimeeksamen, mappe etc., vil ikkje regelen som no gjeld, høve like godt, mellom anna fordi det då ikkje er så interessant med "nytt forsøk", men snarare utsett frist. Det vert foreslått å setje inn i reglementet at § 11, 7. ledd, gjeld "avsluttende" eksamen.

Tilrettelegging ved eksamen

I reglementet om tilrettelegging ved eksamen vert det føreslått nokre endringar. Det er dels opprydding i terminologi, fordi det nokre stader heng igjen formuleringar frå den gongen tilrettelegging heitte "særordning" og vart sakshandsama og til dels gjennomført ved fakulteta. På to punkt er det ein realitet i framlegga.

Det eine gjeld dagens regel om at trøngen for tilrettelegging må dokumenterast "hver gang" studenten melder seg til eksamen. Det vert føreslått at dette skal lyde "på nytt hver gang". Dette er meint å gjere reglane tydelegare. Føremålet med dagens regel er å unngå at nye vurderingar av søknader skjer på grunnlag av gammal dokumentasjon som ikkje nødvendigvis gir uttrykk for studentens aktuelle situasjon.

Den siste endringa som vert føreslått, er å setje fristen for å søkje om tilrettelegging til 1. september og 1. februar i staden for ein månad før eksamen, som no. Den gjeldande regelen var tilpassa situasjonen då fakulteta hadde ansvaret for sakshandsaminga og tilrettelegginga. Når dette no er flytta til Utdanningsavdelinga, er det og trøng for nye rutinar. Ein sams frist tidleg i semesteret gir betre høve til å handsame alle søknader i tide. Elles vil universitetsdirektøren vise til at mange andre høgskular og universitet har same frist for å søkje om tilrettelegging som for semesterregistrering.

Det er beklageleg at ikkje desse framlegga kom med i høringa i vår, men etter universitetsdirektørens skjønn er dei av ein slik art dei kan verta vedtekne no. Den nye fristregelen kan ikkje ta til å virke før i 2010.

Universitetsdirektøren gjer framlegg om slikt

Vedtak:

- I "Grads- og studiereglement for Universitetet i Bergen vedtek styret desse endringane:

1. I § 8 skal siste setning lyde (endring i kursiv):

Studieplaner og emnebeskrivelser skal for øvrig utformes i samsvar med *det nasjonale kvalitetsrammeverket, fastsatt av Kunnskapsdepartementet, samt med regler og retningslinjer fastsatt av NOKUT og av universitetets organer.*

2. § 11, 7. ledd, skal lyde (endringar i kursiv):

Studenter som har gyldig fravær ved avsluttende eksamen har rett til et nytt forsøk tidligst mulig i påfølgende semester, og senest i mars for vårsemesteret og i oktober for høstsemesteret. *Med gyldig fravær menes egen sykdom, dokumentert med erklæring fra lege, der det går fram at studenten ikke var i stand til å delta ved eksamen den aktuelle dagen. Slik dokumentasjon må legges fram senest en uke etter eksamensdagen. Videre er det gyldig fravær når studenten pga. pålegg fra offentlig myndighet plikter å møte fram et annet sted på eksamenstiden. Andre forhold av tvingende art som gjør det umulig å møte fram til eksamen, kan etter søknad gi rett til nytt forsøk som nevnt her.*

3. I § 28 skjer desse endringane (endringer i kursiv):

a) I første ledd skal første setning lyde: "Frist for å søke om tilrettelegging er *første september i høstsemesteret og 1. februar i vårsemesteret.*

b) I andre ledd, siste setning, vert ordet "særordning" bytta ut med "tilrettelegging".

c) I tredje ledd skal første setning lyde (tilføyning i kursiv):

Behovet må dokumenteres på nytt hver gang studenten foretar en eksamensoppmelding/bekrefter utdanningsplanen. For kroniske lidelser kan det gjøres unntak fra dette.

d) I fjerde ledd skal første setning lyde (endring markert med kursiv):

Utdanningsavdelingen kommer i samråd med studenten og eventuelt fakultetet, frem til hvilke former for tilrettelegging som er nødvendige.

4. I § 42 skal første ledd lyde:

For oppnådd bachelorgrad utstedes vitnemål, jf. universitets- og høyskolelovens § 3-11, som angir enten hvilket studieprogram kandidaten har fullført eller et bredere fagområde i kombinasjon med den spesialiseringen kandidaten har fullført. I tillegg til gradsbetegnelsen kan det brukes en kort forklarende tekst dersom det anses nødvendig.

Universitetsdirektøren gir nærmere retningslinjer for vitnemålsutformingen.

5. I § 19 skjer desse endringane:

a) 1. ledd, siste setning skal lyde (endring i kursiv)

Nærmere regler om bruken av programsensor går fram av "Retningslinjer for programsensor ved UiB", fastsatt av Universitetsstyret 24.09.09.

b) Det vert sett inn nye 2. og 3. ledd, slik:

Ved muntlig eksamen skal det være minst to sensorer, hvorav den ene normalt skal være eksterne.

Dersom ingen av sensorene ved eksamen er eksterne, må vurderingsordningen godkjennes særskilt av fakultetet, basert på programsensors evaluering av vurderingsordningen.

c) Nogjeldande 2. – 6. ledd blir nye 4. – 8. ledd.

- Styret vedtek "Retningslinjer for programsensor ved Universitetet i Bergen" i samsvar med framlegget fra universitetsdirektøren.
- Vedtaka i punkt 1-4 ovanfor tek til å gjelde fra 1. januar 2010. Rektor og universitetsdirektør får i fellesskap fullmakt til å vedta overgangsreglar i tilknyting til vedtaket i punkt 4.
- Vedtaka i punkt 5 og nye retningsliner for programsensorer tek til å gjelde straks.

08.09.09/peh

Kari Tove Flatabakk

Vedlegg:

Forslag til Retningslinjer for programsensor ved Universitetet i Bergen

Utrykte vedlegg:

1. Innstillinga frå arbeidsgruppa
2. Høringsuttaler frå fakulteta
3. Brev av 25.09.08 frå KD
4. Brev av 20.03.09 frå KD (kval.r.verk)

Forslag til

Retningslinjer for programsensor ved Universitetet i Bergen

1. Programsensor er en ekstern fagfelle som har særskilte oppgaver knyttet til evaluering av ett eller flere studieprogram.
Fakultetet oppnevner en eller flere programsensorer for sine studieprogram eller deler av disse.
Funksjonstiden er normalt 4 år.
2. Programsensor skal vurdere opplegg og gjennomføring av et studieprogram eller en del av dette. Programsensor skal få relevant informasjonsmateriale og kan selv be om ytterligere dokumentasjon.
Vurderingene fra programsensor skal særlig omfatte synspunkt på:

- I. Pensum, studieopplegg og undervisning
- II. Vurderingsordningene som blir benyttet i studieprogrammet, jf. § 3-9 i universitets- og høgskoleloven.
Som grunnlag for sin vurdering skal programsensor få en oversikt som dokumenterer vurderingsordning og sensorordning for det enkelte emne i studieprogrammet.
- Programsensor skal spesielt evaluere vurderingsordningen når det kun benyttes interne sensorer. De programansvarlige må vurdere om programsensor for dette formålet skal gis ytterligere informasjon om vurderingsordningen.
- III. I hvilken grad programsensor har deltatt i drøftinger i fagmiljøet om kvalitetsutvikling i studieprogrammet
- IV. Ev. særlige forhold ved gjennomføring av studieprogrammet i perioden
- V: Rollen og oppgavene som programsensor

Fakultetet kan gi nærmere bestemmelser om programsensors oppgaver.

3. Programsensor bør minst en gang i funksjonsperioden møte tilsatte og studenter for en samtale om kvalitetsutvikling i studieprogrammet.
4. Programsensor skal en gang årlig utarbeide en skriftlig rapport om studieprogrammet på grunnlag av det mandat som er gitt av fakultetet. Programsensor er dessuten fri til å komme med egne kommentarer om ethvert forhold ved undervisninga, strukturen og innholdet i studieprogrammet.
5. Rapportene fra programsensor inngår i grunnlagsmaterialet for Utdanningsmeldingen som vedkommende fagmiljø skal utarbeide. Programsensors arbeid kan også legges opp slik at flere påfølgende årsrapporter til sammen utgjør en ekstern programevaluering.
Den årlige sensorrapporten kan skrives på norsk, engelsk eller et annet høvelig språk etter nærmere avtale.
6. Vervet som programsensor blir honorert av fakultetet etter nærmere avtale. Rapporten skal leveres innen **1. desember/15. desember**.